

Fra: Leif Johnsen <ljholme@online.no>
Sendt: onsdag 16. februar 2022 21:16
Til: Postmottak Alver
Kopi: Sara Sekkingstad
Emne: Grunnlagt spørsmål om avlusingspraksis av oppdrettslaks i Mangerfjorden.

Hei.

Grunnlagt spørsmål om avlusingsrutinar ved Lerøy sitt oppdrettsanlegg på Bogno.

Frå lokalbefolkningen nord på Holsnøy er det i det siste blitt skjerpa merksemd om båttrafikk ved oppdrettsanlegget til Lerøy ved Bogno. På nattetid er det observert heile fire båtar i trafikk frå Bogno og ut til i kryssinga Hjeltefjorden-Mangersfjorden for der å senke farta heilt ned, snu og gå inn att til anlegget på Bogno. Fleire er uroa over om badevatn/avlusingsvatn blir sluppe ut i fjorden her og andre stader.

Spørsmål:

Kan kommunestyret få ei orientering om kva rutinar for avlusing og utslepp av avlusingsvatn som gjeld for oppdrettsanlegga i fjordane våre, og særleg ved oppdrettsanlegget ved Bogno?

Med helsing

Leif Johnsen,
Alver MDG.